



Alver kommune
v/ Anny Bastesen

Kjevikdalen, 06.03.19

Sakshandsaming og administrasjon av slam i Alver kommune

Viser til møte 04.02.19 der det kom fram ynskje «om å la NGIR overta saksbehandlinga og administrasjonen av heile sjølvkostområdet».

I dag har NGIR sakshandsaming og administrasjon av avfall i 8 av 9 av NGIR sine eigarkommunar (Fedje har sakshandsaming og fakturering sjølv). I tillegg fakturerer NGIR slam i Gulen og Solund.

NGIR har gjort eit arbeid med å få kartfesta alle slamtankar i NGIR sine eigarkommunar inn i nordhordlandskart.no. Det vert no jobba med å kartfesta kva hus som er knytt opp til kva slamtank. Tøming av slamtankar vert registrert hjå Norva24 og synkronisert mot KOMTEK hjå NGIR. Tømedata og avvik vert difor oppdatert dagleg i vårt system.

NGIR kan ta på seg oppgåva med å fakturera alle innbyggjarane i Alver kommune for slamtøming. Sakshandsaming i forhold til utsleppsløyve er det kommunen som framleis må ha sidan slikt løyve vert gjeve i samband med handsaming av byggjesaker. Oppgåva med oppfølging av avvik (manglande dykk, feil på lok m.m.) kan vera hensiktsmessig at NGIR følgjer opp sidan NGIR får avvika rett inn i KOMTEK etter kvart. Korleis følgja opp avvik som kunden ikkje rettar opp bør avklarast då det er kommunen som har gjeve utsleppsløyve og har mynde til å følgja opp ureining.

Eit vedtak om at NGIR skal overta sakshandsaming og administrasjon av heile sjølvkostområdet slam må gjerast av kommunestyret, jamfør §83 i Lov om vern mot forurensningar og om avfall. Då dette er eit sjølvkostområde vil alle kostnader knytt til sakshandsaming og administrasjon verta dekkja av slamgebyret og kommunen vil difor ikkje få noko faktura frå NGIR på arbeidet.

NGIR arbeider vidare med det utgangspunktet at NGIR tek over fakturering av slamavgift og oppfølging av avvik frå 01.01.2020. NGIR vil kalla inn til eit møte der dette er tema i løpet av våren 2019. NGIR har starta arbeidet med å prøva å innarbeida minireinseanlegg i den kommunale slamtømeordninga og dette arbeidet vil gå parallelt.

Med helsing

A handwritten signature in black ink that reads 'Erlend Kleiveland'.

Erlend Kleiveland
- økonomisjef -